

Referat frå styremøte VH 06.01 2025 på Museet

Møtte: Arne Erik Fønhus, Ole Aa Bråten, Ivar Aars, Nils Rogn, Tore Hovda, Anne Marit Lien Framnes, Tove Grethe Kolstad, Ingebjørg Moe.

Fråverande: Toril Grønbrekk, Jon Bratrud

Sak 01/25 Årsmøte 2025.

Årsmøte 2025 blir i Øystre Slidre 10.mai

Reviderte vedtekter for VH skal vedtakast.

Frist for tilbakemelding på utsendte framlegg er 1. mars

Programmet på årsmøtet kjem vi attende til.

Sak 02/25 Årboka

2024 utgåva 750 i opplag ca halvparten i sal

Trykkekostnadar 2024 93 000 mot 62600 i 2023

21 000 inn i støtteannonser. Bra ide.

Anne Mette Strand er nytt medlem i redaksjonskomiteen 2025, i staden for Knut Aastad Bråten som har «emigrert» til Gudbrandsdalen.

Frist for innlevering av stoff til 2025utgåva er 1. april

Sak 03 /25 Utvandrarrubiletet 2025

VH samarbeider med Museet som har teke kontakt med Valdres folkemusikkarrangement AS som saman søkjer om midlar til arrangement i Valdres.

Kva med ein fotodugnad? Museet ynskjer å samle fotografi om utvandrar – utreisebilete frå kvart historielag i Valdres.

Skal det vera eit hovudarrangement eller skal kvart lag/kommune ha sine opplegg?

Kanskje kan skuleklasser delta?

Sak 04/25 Tvillingfuruene på Leira.

Dei sagnomsuste trea på Leira har falle og VH har fått førespurnad om vi vil engasjere oss i å gjera til at trea blir bevara, og at historia blir formidla.

Aurdal historielag vil diskutere kva og korleis og ein kan laga dokumentasjon av historia og ev. søkje stønad frå Kirkevollarven.

Sak 05/25 Søknad om støtte til musikkutgivelse nr. 2 med Hått

Skal spela inn eit album med runddansmusikk frå Numedal, Telemark og Valdres med kjelder frå alle tre distrikta. Frå Valdres er Harald Røine, Knut Bergheim, Knut Snorheim, Johannes Dale mfl. nemnd. Det søkjest om støtte frå lokale lag og foreiningar som er viktig for å realisere prosjektet. Utøvarar er Per Anders Buen Garnås, Anders Erik Røine, og Nils Øyvind Bergset.

Det er lite runddansmusikk som er samla på denne måten, så vi ser at det er eit viktig arbeid som vi støttar med kr 7 500. Einstemmig.

Viken, 13.01.2025

Ref.: Ingebjørg